

ÅRSRAPPORT ABM-MEDIA 2024

Om verksemda

ABM-media AS blei etablert 8. 11. 2006 og er eigd av OsloMet - storbyuniversitetet (45 % av aksjane), Norges museumsforbund (45 %) og Arkivforbundet (10 %). ABM-media AS hadde ut februar 2024 delt kontorlokale med Norsk tidsskriftforening i Litteraturhuset, Wergelandsveien 29, 0167 Oslo, og frå 1. mars 2024 kontor i Akersgata 43, samlokalisert med Norges museumsforbund og Norsk Bibliotekforening. Det vart i stor grad nytta heimekontor, både for redaktørane for tidsskrifta og dagleg leiar.

ABM-media AS har som føremål å gje ut frie og uavhengige tidsskrift for arkiv-, bibliotek- og museumsfelt. Publikasjonane skal bidra til å synleggjera ABM-sektorane i norsk samfunnsliv og i den offentlege debatten, og skal ha vekt på kunnskaps- og forskingsformidling. Selskapet har i 2024 utgitt tidsskrifta Bok & bibliotek, Museum og Aksess, som papirutgåver og også med heimesider for kvar av tidsskrifta. ABM-media har i tillegg eigne nettsider.

Bok & bibliotek

Bok & bibliotek hadde fire utgåver på papir i 2024 (tre på 80 sider og ei på 88 sider) publiserte 109 saker på bokogbibliotek.no, mot 76 i 2023 (langt dei fleste originalsaker som berre kom på nett) og 10 nye episodar av podkasten Bok & bibliotek (2023=19). Frå og med andre halvår -24 kom det ut nyhendebrief litt over ein gong i månaden. Arne Olav Hageberg har vore fast tilsett redaktør.

Ei av dei viktigaste satsingane i 2024 har vore å auka publiseringstakt og trafikk på bokogbibliotek.no. Foreløpig er alt for få inne jamleg og får med seg det som skjer.

| | |
|--|--------|
| Sidevisingar frå og med veke 10 til og med veke 52 i 2023: | 47 329 |
| Sidevisingar frå og med veke 10 til og med veke 52 i 2024: | 61 483 |

Dette er ein auke på 38,5 prosent. Auken for heile året er truleg på rundt 45 prosent, for dei første vekene i 2024 var også betre enn dei første i 2023, men det manglar data grunna overgang til nytt statistikkssystem. Det var totalt 72 991 sidevisingar på bokogbibliotek.no i 2024.

Overgangen til Labrador CMS og dei nye sidene som kom i drift i februar 2024 har vore ein viktig føresetnad for å auka publiseringstakten. Systemet er laga for aviser og tidsskrift, noko som merkast godt. God integrering med nyheitsbrief gjennom Mailmojo gjer det mykje enklare å få ut nyhendebrief med jamne mellomrom. I eit beredskapsperspektiv er det vert å merka seg at både Mailmojo, Labroador CMS, annonsestyringsplattformen Adnuntius og statistikkverktøyet Kilkaya er norske. For tre år sidan brukte vi tilsvarande utanlandskeigde tenester.

Det blir også publisert lenke til alle saker på Facebook. Dette er ein svært viktig kanal for å nå ut til folk sidan så få går direkte til nettsida. Redaktøren prøver også å jobba aktivt med Instagram, og har hatt noko auke der òg.

Bok & bibliotek bytta leverandør av trykkeritenester i 2024, frå Aksel til Edda Trykk. Kort sagt: Litt billigare og litt dårlegare kvalitet på trykken. Men godt samarbeid der også. Det som ikkje er som ønska, er at bladet no blir trykt i utlandet i staden for i Norge.

Annonseal blei teke over av Edda Presse frå og med 1.1.2024. Dette var nok ei god avgjer, då vi har hatt nær 30 prosent auke i annonseinntektene samanlikna med 2023.

Sommaren 2024 fekk redaktøren behov for litt meir sosial omgang og variasjon i livet og fekk tommel opp frå styret til å leiga seg inn i kontorfellesskapet Dybel i Skien der han bur.

Tidsskriftet har vore med å setta søkelys på mange viktige saker også i 2024, som Dei sameinte arabiske emirata si friarferd overfor det norske ABM-feltet, sensur frå Franco-tida som lever vidare i spanske bibliotek, ytringsfridom og demokratikamp i norsk kultur, kunstig intelligens i møte med bibliotek og bokbransje, bibliotekshistorie, bibliotekdrift på Gaza og i Ungarn, biblioteksystem og anskaffingar, skuggebibliotek, leselyst, biblioteka si rolla i totalforsvaret, kutt i kommunane og bibliotekfeltet, overgrep mot born (og biblioteka sin rolle med å informera, verna og avdekka), purregebyr, berekraft og mykje meir.

Redaktøren har halde fram arbeidet med kompetanseheving og å utvida nettverk og kjennskap både i biblioteksektoren og medie- og tidsskriftbransjen. I 2024 blei det deltaking på banelitteraturkonferansen Se & les i Bergen (februar), Fagpressen sin PUFF-konferanse i Asker (mars), Bibliotekdagene i Haugesund (april), Tidsskriftdagen i Oslo (mai, med leiing av scenesamtale), Appelsiniaseminaret i Skien (september), Biblioteklederkonferansen på Gardermoen (oktober, med leiing av scenesamtale), redaktørkurs i regi av Norsk tidsskriftforening i Asker (oktober) og Bibliotekarforbundet sin tillitsvalgtkonferanse i Drammen (november, med leiing av scenesamtale).

Han har også hatt verv som styremedlem i Norsk tidsskriftforening og i arrangementskomiteen for Tidsskriftdagen 2024.

Redaksjonsrådet har i 2024 bestått av Åse Kristine Tveit (OsloMet), Johanne Raade (UiT), Per Eide (Bergen Offentlige bibliotek), Mari Vannes (Norsk bibliotekforening) og Maria Pile Svaasand (Litteraturbåten Epos). Dei har hatt eitt fysisk møte i Bergen og tre digitale.

I strategien er det eit mål at redaktøren skal ha debattinnlegg på trykk i ei riksdekkande avis minst ein gong i halvåret for å skaffa offentleg merksemd rundt Bok & bibliotek. Det blei ikkje følgt opp i 2024.

Museum

Museum hadde i 2024 fire papirutgåver, kvar på 76 sider, og publiserte 64 saker på nett (28 av dei eksklusivt digitale). Ellen Lange har vore fast tilsett redaktør, Laila Mjøs har designa papirblada.

Museum sitt redaksjonsråd har i 2023 vore: André Larsen Avelin (Eidsvoll 1814/Norsk Folkemuseum), Eli Hausken (Universitetsmuseet i Bergen), Hanna Mellemsether (Stiklestad Nasjonale Kultursenter/Museene Arven), Marianne Olsen (Perspektivet museum, Tromsø), Nina Høye (Drammens museum) og Tone Cecilie Karlgård (Historisk museum/Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo). Redaksjonsrådet har hatt fire digitale møte, og ein del kontakt på e-post.

Årets store høgdepunkt for Museum kom på vårparten, då bladet vann prisen for fag og formidling i Norsk tidsskriftforenings Årets tidsskrift-prisutdeling. Juryen la i grunngjevinga vekt på evna til å gjera museumsstoff relevant for mange – noko som er ein sentral del av bladet si målsetjing: «Prisen for fag og formidling gis til et fagtidsskrift som klarer å gjøre feltet sitt relevant utenfor eget fagfellesskap. Årets vinner har på en imponerende måte breiet ut tematikken med gjennomarbeidede og godt redigerte bidrag. ...»

I 2024 har Museum i fleire artiklar valt å setja fokus på musea sitt ytringsrom, og på korleis musea skal forhalda seg til vanskelege politiske saker, som krigen i Gaza. Bladet har òg løfta tema som «museumsvasking», den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM sin planlagde konferanse i Dubai i 2025, Nasjonalmuseet sin omstridde avtale med The Fredriksen Family Art Company, og den vanskelege situasjonen ved Kode. I eit breitt lagt intervju med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery blei tema som er viktige for sektoren tatt opp, som gåveforsterkingsordninga, bygningsvern og oppfølginga av Sannhets- og forsoningskommisjonen sin rapport. Museum har òg sett nærare på tildelingane i musea sitt utviklingsprogram og på det store treårige prosjektet «Unge kritikere» som starta opp hausten 2024. Bladet er ein av åtte deltakarar i dette, og vil følgja prosjektet tett, også i spaltene sine.

Av viktige redaksjonelle satsingar i 2024 bør òg serien «Koloniale blindsoner» nemnast. Over tre artiklar har journalist Lene Christensen sett nærare på korleis musea forvaltar den tunge koloniale arven sin. Serien er støtta av Fritt Ord. Det er òg spalta «Se hva de ser», som starta opp i Museum nr. 4 2023, der filosof og kritiker Aasne Jordheim ser nærare på omvisingstilboda ved ulike norske museum. Vidare starta Museum i 2024 spaltene «Mitt drømmeprojekt» og «Forskningsrapport». Her slepp folk frå museumssektoren sjølv til, noko Museum ser som ei viktig oppgåve å leggja til rette for. Det er difor gledeleg å registrera at tilfanget av kronikkar, debattinnlegg og artiklar i spalta «Vårt prosjekt» er stigande.

Sidan 2022 har Museum, takka vera støtte frå Fritt Ord og Norges museumsforbund, auka talet på utstillingskritikkar frå fire–seks i året til over tjue. I 2023 innleidde tidsskriftet eit samarbeid om kritikk med masterstudiet i museologi og kulturarv ved Universitetet i Oslo. Samarbeidet har halde fram i 2024 og vil gjera det også i 2025.

Museum ser viktigheita av og ein unik moglegheit til å vera ein god debattarena og møteplass for både fagfolk og vanlege lesarar, og har difor som mål å ha faste lanseringsarrangement ved kvar utgjeving av eit papirtidsskrift. Avgrensa ressursar gjer at treffpunkta varierer i ambisjonsnivå når det gjeld fagleg innhald. I 2024 arrangerte bladet fleire hyggelege treff, mellom anna ein «live podcast-sending» saman med formidlingsseksjonen i Norges museumsforbund og lanseringsfest for Museum 2 2024 og kunstpublikasjonen PRAKSIS, der spørsmålet for kvelden var korleis ein kan skapa plass for alle i kunst- og kulturlivet. I tillegg laga tidsskriftet ein stor kulturdebatt: «Hva kan museene mene»,

arrangert i samarbeid med Norges Museumsforbund og Norsk ICOM, støtta av Fritt Ord og Norsk tidsskriftforening, som gjekk av stabelen på Arendalsuka. Debatten var godt besøkt og fekk òg ein artikkel i Klassekampen.

Redaktøren prøver òg å løfta museumsaktuelle spørsmål i andre spalter enn Museum. I vår hadde ho kronikken «Det er ikke de rette som må gå på Kode» i Klassekampen. Ho heldt òg innlegg på seminaret «Økt arbeidslivsrelevans i museumsrelevante utdanninger» i regi av MuSaDel i Trondheim i oktober, og var ordstyrar på Samtidsnett sitt seminar «Ut av forvaltningsfellen» på Maihaugen i Lillehammer 6. og 7. november. Vidare var Museum til stades på sentrale museumstreff, som Det nasjonale museumsmøtet i Bodø i mai og Kulturdirektoratet si museumskonferanse i Bodø i oktober.

Aksess

Aksess har som mål å vera eit uavhengig tidsskrift for det som er ein fragmentert sektor, og vil mellom anna bidra til å løfta og utvikla feltet – og børsta støv av folk sine mentale bilete av arkiv. Me jobbar for å sikra variert innhald, slik at det kan vera noko av interesse for alle.

Aksess har vore nøydd til å nedskalera aktiviteten fordi me fekk eit mindre beløp (eittårig produksjonsstøtte over ordninga Tidsskrift og kritikk) enn det me søkte om. For dei trykte utgåvene vart sidetalet redusert, slik at kostnadene til trykk, design og utsending blei mindre. Me har også brukt mindre på betalt innhald enn planlagt. I tillegg har me kutta kostnader til møte- og reiseverksemd, marknadsføring, droppa designendringar på nettsida, møte i redaksjonsrådet og lesarundersøking. På grunn av manglande kapasitet og ressursar har det blitt mindre satsing på sosiale medium enn ønskt. Me har mellom anna slutta å bruka verktøyet Later. Me har likevel delt innhald i alle kanalane, og hatt stort hell med Facebook-gruppa Arkivfaglig forum, men aktiviteten har vore på eit minimumsnivå. Det har heller ikkje vore midlar til å annonsera målretta i sosiale medium, eller til å prioritera kampanjar retta mot til dømes studentar og andre potensielle nye lesarar. På same måten har det ikkje vore kapasitet til å gjennomføra lanseringar eller andre arrangement som kunne ha gitt Aksess større synlegheit.

Den største positive endringa i 2024, redaksjonelt sett, er at me fekk etablert eit samarbeid med journalist Jeanette Høie. Ho har fått ei innføring i det samansette og til dels uoversiktlege feltet, og har byrja å laga saker på bestilling og i samarbeid med redaksjonen. Med Høie på laget har det blitt lettare å følgja opp ambisjonen om å setja lys på tema og problemstillingar me ser er viktige. I dei tre trykte utgåvene fekk me endeleg laga reportasjar som både intervjuar fleire relevante personar og vekslar mellom å sjå overordna og i djupna på ulike tema. Første utgåve hadde arkivfaget – det vil seia utdanning og kompetansebehov – som hovudtema. Andre utgåve handla om arkiva si betydning for folk og samfunn (innbyggjarrelevans). Hovudtemaet i tredje utgåve var fellesløysinga Digitalarkivet.

Aksess kom ut med tre trykte utgåver på 84, 68 og 68 sider:

- Betalt innhald: 24 saker + lakunesidene: kryssord, teikneserie og quiz
- Gratis innhald: 31 saker + fem ytringar + 18 småstoff/notisar
- Bidragsytarar: Seks betalte journalistar, 22 skribentar frå sektoren + tre andre bak lakunesidene

Nettsida 2024:

- Alle saker på trykk vart også publiserte digitalt, i tillegg blei det publisert 44 saker direkte på nett
- Bidragsytarar: 11 frå sektoren bidrog til ni saker, to journalistar skreiv to av sakene, Knut i redaksjonen laga sakene frå Arkheion-arkivet og redaktøren laga resten

Med ein kombinasjon av bidragsytarar frå sektoren og betalt journalistikk, har me fått fram både nye stemmer og tematisk breidde. Alle saker frå feltet blir også redaksjonelt bearbeidde.

I 2024 mottok Aksess òg 60 000 kroner i støtte til journalistikk frå Fritt Ord.

I 2024 har Aksess sin redaksjon bestått av redaktør Heidi Meen og Knut Kjosås frå IKA Hordaland, medan redaksjonsrådet har bestått av Helene Synnøve Mo, presse- og kommunikasjonsrådgjevar i Arkivverket, Tarjei Leer Salvesen, gravejournalist og innsynsekspert og Kjetil Landrog, generalsekretær i Arkivforbundet. På slutten av året kom også to nye medlemer inn: Magnus Klausmark, rådgjevar i IKA Kongsberg og Mai-Brit Gundersen, rådgjevar i Bærum kommune.

Aksess har kontoar på LinkedIn, Facebook og Instagram, og eit nyheitsbrev kopla til nettsida via Mailmojo. I 2024 vart det sendt ut om lag eitt nyheitsbrev i månaden, i tillegg til eigne e-postar til KAI-nettverket.

Redaktøren har også teke kompetansehevande kurs i regi av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen, eitt av dei med kompetansestøtte frå Fagpressen. Det faglege samarbeidet med redaktørane i *Bok & bibliotek* og *Museum* har vore både nyttig og triveleg for alle partar. Redaktøren har dessutan delteke på relevante arkivkonferansar, som Arkivarforeningen sitt vårseminar i mars, Det store norske arkivmøtet i april og KAI-konferansen i september. Slike møtepunkt er viktige både for å fanga opp det som rører seg, synleggjera Aksess og byggja nettverk.

2024 var siste år i den treårige prosjektperioden, og Heidi Meen har vore frikjøpt 70 prosent frå Vestfoldmuseene for å vera redaktør og prosjektleiar.

Heile året har Arkivforbundet jobba aktivt opp mot KUD og Familie- og kulturkomiteen på Stortinget, og Aksess har fått hyggelege støtteerklæringar frå fleire kantar. Det var også eit håp om å bli teke inn på statsbudsjettet då SV føreslo dette, men det gjekk diverre ikkje som ønskt.

2024 enda såleis med framleis – og kanskje endå større – uvisse når det gjeld tidsskriftet sin framtid.

Forlag

Styret vedtok i styremøte 3. april 2024 å avvikla forlagsdrifta, og bad administrasjonen om å gjennomføra avviklinga innan 31. desember 2024. Det vart dermed ikkje nytutgjevingar i 2024. Alle avtalar med forfattarar vart sagde opp, og konsulentverksemda OsloMet har hatt med forlagsdrifta også avslutta. Forlagsdrifta er avvikla, og det er kun eit lite boklager igjen.

Organisasjon

ABM-media AS hadde ved utgangen av 2024 to fast heiltidstilsette. Redaktøren for Aksess vart frikjøpt i 70% stilling frå annan arbeidsgjevar. Drift av forlagsverksemda vart handtert av tilsett på OsloMet gjennom avtalt honorar. Knut Markhus var tilsett i 30% som dagleg leiar i eit engasjement som varte til 31. juni 2024. Etter dette fungerte Markhus som dagleg leiar i eit mindre omfang, som ei kjøpt teneste.

Styret og styret sitt arbeid

Styret har i 2024 hatt 4 styremøte og behandla 30 saker.

Fram til ordinær generalforsamling 20. juni 2024, hadde styret følgjande medlemmer:

Leiar: Cecilie Øien

Nestleiar: Mette Hvål

Styremedlem: Nils Pharo

Styremedlem: Birgitte Kjos-Fonn

Styremedlem: Nina Granlund Sæther

Varamedlem: Lars Emil Hansen

På generalforsamlinga blei følgjande styre valt:

Leiar: Svein Skarheim

Nestleiar: Sigrun Espe

Styremedlem: Nina Granlund Sæther

Styremedlem: Nils Pharo

Styremedlem: Knut Kjosås

Varamedlem: Espen Frøysland

Arbeidsmiljø og det ytre arbeidsmiljø

Det har ikkje vore sjukefråvær relatert til arbeidsforhold. Det har ikkje oppstått skadar eller arbeidsulukker i 2024.

Selskapet har pensjonsforsikring for dei tilsette, som tilfredsstiller krav om lov om obligatorisk tenestepensjon.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Ved utgangen av 2024 var det ei kvinne og ein mann tilsett i ABM-media AS, og ei kvinne i regulært arbeid gjennom innkjøp/honorar. De to faste redaktørane har lik løn. Frikjøpt redaktør har løn tilsvarande stillinga ho er frikjøpt frå.

Rekneskap og resultatdisponering

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av framleis drift.

Regnskapet for 2024 gjeld for perioden 1. januar 2024 til 31. desember 2024.

ABM-media AS har et negativt regnskapsresultat for 2024 på kr 5 316 som vert føreslått belasta fri egenkapital. Det var budsjettert med eit overskot på kr 52 000, som var summen som måtte takast av bunden egenkapital i 2023. Trass at ein ikkje greidde å nå dette overskotet, var greidde ein i 2024 å gjennomføra ein tydeleg økonomisk snuoperasjon i høve 2023.

Det har ikkje skjedd forhold i selskapet sidan årsskiftet som påverkar resultatet, balansen eller selskapet si stilling elles.

Selskapet si verksemd medfører ikkje nokon finansiell risiko. Selskapet driv heller ikkje forskning eller utviklingsverksemd (FoU). For rekneskapstal vert det vist til Resultatregnskap med noter.

Rekneskapen for 2024 er ført av MPRG regnskapsbyrå.

Selskapet sine framtidsutsikter

Bok & bibliotek får tilskot over statsbudsjettet frå Kultur- og likestillingsdepartementet, via Nasjonalbiblioteket. I tillegg kjem eit årleg tilskot frå Norsk Bibliotekforening.

Museum mottar tilskot frå Norges museumsforbund (NMF) som betaling for at bladet vert sendt til medlemsinstitusjonane. I tillegg har bladet i mange år fått støtte frå Kulturrådet, sidan 2019 via ordninga Tidsskrift og kritikk. Det er gitt signal om at støtta vert vidareført. Me kjem også til å halda fram med å søka støtte til kritikk og anna hos Fritt Ord, som jamt har gjeve tilskot både til Museum og Aksess.

Den treårige prosjektperioden for Aksess gjekk ut i 2024, og styret vedtok 25. november ei forlenging: «Aksess held oppe normal drift minimum ut juni 2025. Styret tek avgjerd om Aksess si framtid på lengre sikt når avklaringar om statleg finansiering er komne.» Gjennom prosjektperioden har det vore ei jamn positiv utvikling for Aksess sin økonomi, men utan at ein har kome nær det som vil gje ein berekraftig økonomi for tidsskriftet. Avklaringane som kom tidleg 2025 viste at staten er konsistent i å ikkje prioritera Aksess på eit slikt nivå som er nødvendig. Dermed har styret i 2025 vedteke å avslutta drifta av Aksess etter siste nummer hausten 2025.

Det vart i 2024 vurdert å endra aksjesituasjonen, med å ta inn Norsk Bibliotekforening på eigarsida. Styret vedtok å venta med dette til Aksess si framtid var avklara. For å gje Norsk Bibliotekforening jamn informasjon om drifta, vart foreininga tilbydd ein observatørplass i styret inntil vidare.

ABM-media opparbeidde seg over mange år ein solid eigenkapital gjennom overskot. Det vende seg til underskot i 2021, eit endå større underskot i 2022 og ytterlegare i 2023. Dermed hadde ikkje eigenkapitalen ved slutten av 2023 den tryggleik som trengst, slik at ein i 2024 budsjetterte med eit overskot – i ein krevjande økonomisk snuoperasjon. Trass ei nøktern drift, vart det eit lite underskot også i 2024.

I lys av den m.a. den økonomiske situasjonen til ABM-media vart det i 2024 gjennomført grunnleggande vurderingar om ABM-media si framtid, der eitt scenario var å leggja ned selskapet og overlata drifta av tidsskrifta til andre. Denne prosessen gjekk vidare utover 2025, også med momentet at selskapet sluttar med utgjeving av Aksess og slik mistar A-en i ABM. Framtidsutsiktene til ABM-media AS kan seiast å vera usikre, mens fokus er å gje tryggleik for at tidsskrifta kan gå trygt vidare, men kanskje med andre utgjevarar.

Knut Markhus

Oslo, 11. mai 2025